



MØTEBOK

Trafikksikringsplan 2014-2022 - stadfesting

Utval sak	Utval	Møtedato
63/14	Utval for plan og miljø	17.06.2014
39/14	Kommunestyret	18.06.2014

Vedlegg:

1. Trafikksikringsplan – plandokument
2. Prosjektark
3. Oversikt trafikkulykker
4. Oversikt innspel
5. Høyringsinnspel
6. Oversikt innspel ved oppstart

Utrykt dokument:

Sak PS 99/13 i Utval for plan og miljø – Trafikksikringsplan på høyring

Samandrag:

Planen vart i sak PS 99/13 lagt ut på offentleg ettersyn 11.12.2013 med høyringsfrist 01.02.2014. Det kom inn 13 merknader. Det har vore eit arbeidsmøte med ordførar Wenche Tislevoll, kommunalt tilsette Tore Nesbø og Gisle Vik, der innkomne merknader blei vurderte og handsama. Planen er revidert med omsyn til desse vurderingane. Ein rår til at planen vert vedteken slik han no ligg føre.

Bakgrunn:

Fitjar kommune sin gjeldande trafikksikringsplan er frå 2005-2013. Kommunen har vedteke at ny trafikksikringsplan 2014-2022 skal utarbeidast og handsamast som ein kommunedelplan. Trafikksikringsplanen (TS-plan) vedteken 2005 var ein administrativ revisjon av TS-planen for perioden 2000-2004.

Ein oppdatert TS-plan er naudsynt for prioritering av tiltak på det kommunale vegnettet, men også for søknad og påtrykk overfor fylkeskommunen for tiltak på det fylkeskommunale vegnettet. I Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2010-2013 står det slik:

«Føremålet med dei kommunale trafikksikringsplanane er å legge grunnlaget for målretta og systematisk trafikksikringsarbeid på lokalplanet. Kommunen sitt ansvar for trafikksikring er mangesidig. Ansvaret er dels knytt opp til rolla som veghaldar for kommunale vegar, og deira ansvar for opplæring i skule og barnehagar og innanfor helsetenesta og miljøretta helsevern.

Dei kommunale trafikksikringsplanane inneheld prioriteringar av fysiske tiltak på eige vegnett, men og prioriteringar på det overordna vegnettet i kommunen. Desse prioriteringane vil vere retningsgjevande for fylkeskommunale og statlege trafikksikringstiltak i kommunane.»

Organisering av planarbeidet:

Fitjar kommune er tiltakshavar for planarbeidet, og trafikksikringsplanen (TS-planen) vert utarbeidd som ein kommunedelplan.

Kommunen har sett ned ei arbeidsgruppe, som har vore sett saman slik:

- Ordførar Wenche Tislevoll -prosjektansvarleg.
- Kommunalt tilsette, teknisk: Tore Nesbø og Gisle Vik
- Representant for FAU: Tone Wilhelmsen (FAU Rimbareid)
- SVV: Svein Dørtin Viken
- Trygg Trafikk: Arne Aase
- Politiet: Lensmann Svein Lunde

Akvator AS har vore konsulent i planarbeidet. Konsulenten har arbeidd tett opp mot arbeidsgruppa.

Målsetjing:

«Nullvisjonen» er ein visjon om eit veg- og transportsystem som ikkje fører til døde eller hardt skadde. Nullvisjonen er bygd på at trafikantane og styresmaktene har eit delt ansvar og gjensidig forplikting i forhold til kvarandre.

Visjonen for trafikksikringsarbeidet i Fitjar kommune er at ingen skal bli drepne eller hardt skada i trafikken.

Med nullvisjonen som utgangspunkt er det naturleg å rette fokus mot dei alvorlegaste ulukkene. Då må vi også ha kunnskap om kva for ulukker som fører til dei alvorlegaste skadane. Registreringar viser at flest ulukker i Fitjar skjer som utforkøyringar. Dette medfører at ein må kartleggje særleg trafikkfarlege punkt på vegnettet med omsyn til utforkøyringar, og kartleggje sidearealet for reduksjon av omfang på ulukkene.

Med nullvisjonen som utgangspunkt er det også naturleg å rette fokus mot potensielle feilhandlingar og konsekvensar av desse. Dette inneber å ha særskilt fokus på strekningar der det ferdast mange unge og umodne trafikantar som t.d. skulevegane. Vegsystemet skal leia til trygg åfjerd, og dette krev ekstra merksemd på skulevegane der vi veit det er større tettleik av trafikantar med lågare meistringsnivå. Det er også slik at fotgjengar- og sykkelulukker normalt sett er sterkt underrapportert i ulukkesstatistikkane.

Med nullvisjon som utgangspunkt har arbeidsgruppa velt tre fokusområde:

1. Utforkøyringar: Utforkøyringar må hindrast og konsekvensane reduserast.
2. Skulevegane: Skulevegane skal vera trygge å ferdast på for skuleborna
3. Fitjar sentrum

Struktur i planen:

Planen er bygd opp slik:

- Innleiing og bakgrunn
- Målsetjing
- Overordna føringar og tidlegare planarbeid
- Registeringar og problemanalyse
- Tiltak

Tiltaka er delte mellom ikkje-fysiske og fysiske tiltak.

Innkomne merknader:

Det kom i alt inn 13 merknader, der 11 var nye forslag, og 2 gjekk mot framlagte forslag. Viser til oversikt over høyringsinnspel med kommentarar i vedlegg 4.

Endringar i høve til høyringsdokumentet – generell del:

- Handlingsskapande arbeid - der **bør** er erstatta med **skal** og **meir handlingsskapande arbeid** blant eldre er tilføyd.
- Vurdering av ny gjennomgangsveg Fitjar vest – Fv 545 er **fjerna** frå TS-planen.

Endringar i høve høyringsdokument – fysiske tiltak, prosjektark:

Prosjektark gatelys - fylkeskommunale vegar:

- Fv 75 – Reino – kryss Kråko er tatt ut av planen då gatelys er etablert.
- Fv 72 – Sælevik – endra. Fortetting og ny strekning.

Alternativ g/s-veg Skålevik – Rimbareid er fjerna.

G/s-veg på parsell av Fv545 – Årbø – Rydland (kryss Fv75) – tiltaket er tatt inn i tiltaksplanen.

Fv72 Sælevik– redusere fartsgrense frå 80 km/t til 60 km/t. – frå kryss Fv545

Fv72 Sælevik – 5 punktutbetringar frå innkjørsel traktorveg (sør for skulen) til hytteavkjørsle Jordåen.

Fv75 – punktutbetringar kryss avkjørsle Kråko/Sjøtroll

Fitjar Idrettspark – stenge veg for gjennomgangstrafikk

Prioritering:

Det er laga prioritieringslister for tiltaka, slik at det er prioritert innan ulike typar av tiltak, men ikkje ei samla liste. Dette er gjort for å kunna tilpassast overordna fordeling av tiltaksmidlar.

Tiltak under kvar tiltakstype er sett opp i prioritert rekkefylgje.

Tiltaka er delt inn for kvar vegeigar og for kvart tiltaksområde. Vegeigar har ansvar for tiltaka.

Det er lagt vekt på kor omfattande planen bør vera på dei ulike tiltaksområda, t.d. skuleveg, gatelys og liknande.

Planen inneheld og ei fordeling mellom langsiktige og kortsiktige tiltak og rekkefylgja mellom dei.

Vurdering:

Tiltak under kvar tiltakstype er sett opp etter prioritert rekkefylgje og delt inn for kvar vegeigar og for ulike vegrar. Me ber politikarane vurdera rekkefylgja under kvar tiltakstype og også vurdera om ein vil prioritere samla for same tiltakstype og same vegeigar. (Eks. punktutbetringar Fv 72, Fv75, Fv76)

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Kommunestyret stadfester trafikksikringsplanen slik den no ligg føre.

Behandling i Utval for plan og miljø - 17.06.2014:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om planen i møtet.

Utval for plan og miljø kom med slikt endringsframlegg.

Kommunestyret stadfester trafikksikringsplanen slik den no ligg føre med unnatak av innspel 2.2.7 – stenge for gjennomgangstrafikk ved idrettsparken. Dette punktet utgår.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Kommunestyret stadfester trafikksikringsplanen slik den no ligg føre med unnatak av innspel 2.2.7 – stenge for gjennomgangstrafikk ved idrettsparken. Dette punktet utgår.

Behandling i Kommunestyret - 18.06.2014:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om arbeidet med trafikksikringsplanen, og dei siste endringane som er tekne med i planen.

Kommentar frå representanten Annar Westerheim (AP) om korrigering på titulering av FV 75 til FV 72. Svar frå ordførar Wenche Tislevoll (H) at dette skal bli retta opp i planen.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.



A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Atle Tornes".

Atle Tornes
Rådmann